ØY
GARD
EN
- eit fyrtårn i vest

# To år med pandemi i Øygarden



**Staten møter kommunane**
**Balestrand, 18. mai 2022**

ØY GARD EN



# Dette er Øygarden kommune

- Den nest største kommunen i Vestland fylke
- Om lag 39 000 innbyggjarar
- 315 kvadratkilometer
- 2 800 tilsette
- Kommunesenter på Straume




- Kommunedelsenter med tenester i Skogsskiftet og på Rong

- Vekstkommune med næringar som olje, gass, industri, undervassteknologi, handel, bygg/anlegg og fiskeri/havbruk
- Nytt sotrasamband
- Ny godshamn på Ågotnes
- Karbonlagringsprosjekt
- Energiparken



- Mangfaldig foreinings- og kulturliv
- Øygarden kommune er MOT-kommune


GLØYM
GARDERMOEN
ENGLAND ER NÆRARE

ØY
GARD
EN


SØNDAG FERSK AVIS KRYSSORD

13 øvelser:
Slik trener du hjemme
● SIDE 26 og 27
Foto: SILJE BJØRNSTAD

VG
FINN KODEN I AVISEN - VINN GULL OG SUZUKI!
NR. 74 ● SØNDAG 15. MARS 2020 ● UKE 11 ● KR. 40,00 ● Dørsalg kr. 40,00

Foto: EPA
Verdenscup-vinner Bø:
RETT I KARANTENE
● SPORTEN

STENGER NORGE!

Statsminister Erna Solberg

Militærhjelp ved grensen
Sjokktall fra bedriftene
Disse yrkene får barnepass
Hyttefolk bes reise hjem

● SIDE 2, 3, 4, 5, 6, 7, 8, 9, 10, 11, 12, 13, 14, 15, 16, 17, 18 og 19

7 Minute Work... (1) Nettmøte med T... eHåndbok - Utvikli... Urbanhus - U-3000... Innstillinger Bygg v

ØY
GARD
EN





Smittevernlege Jens Eikås og ordførar Tom Georg Indrevik ber barn og unge unngå unødig kontakt med andre ungar, når dei no skal vera heime frå skular og barnehagar. FOTO: KARSTEIN SÆVERÅS

# – No er det lov å sitja åleine inne og spela data

**Ordføraren er normalt ein varm tilhengar av at unge kjem saman for å driva til dømes idrett. Men korona er ingen normalsituasjon.**

Tvert om er det fleire ting som minner om ein unntakstilstand, når Vestnytt vitjar Øygarden rådhus på Straume torsdag. Det er ingen panikk, alle er rolege, men ordføraren og leiarane er samla til kommunal kriseleiing.

### Barn og unge

Dei har nyleg gått ut med at alle private og kommunale barnehagar og skular er stengt frå måndag, ungdomsskulane frå fredag.

– Når barn og unge får fri forsvinn poenget med tiltaket viss dei likevel samlar seg på kjøpesenter, i idrettshallar eller på fotballbaner. Som det spøkefullt vart sagt i kriseleiinga, no er tida for å sitja for seg sjølv med nettbrett eller PC, seier Tom Georg Indrevik (H).

Saman med smittevernlege Jens Eikås prøver ordføraren å halda trådane samla i kommunen si handtering av korona-smitta, for å hindra at den spreier seg epidemisk mellom innbyggarane.

– Så langt har det vore mindre merksemd mot unge og barn, særleg dei yngste. Det er få av dei som vert særleg sjuke. Difor har dei kanskje gått litt under radaren som potensielle smitteberarar, seier Jens Eikås.

Smittevernlegen ønskjer ikkje at me skal verta redd for kontakt med barn eller leggja skulda for spreiinga på dei yngste. Men det er no ein gong slik at barn ofte tenkjer mindre på handhygiene enn vaksne. No er dette noko av bakteppet for at skular og barnehagar vert stengt.

> Det er få unge som vert særleg sjuke. Difor har dei kanskje gått litt under radaren som potensielle smitteberarar
>
> Jens Eikås, smittevernlege

### Ventar på prøveresultat

– Som vaksne har me heller ikkje hatt nok merksemd på å sikra at barna, særleg dei yngste, vaskar eller spritar hendene. No er dette noko av det som vert skjerpa inn, seier smittevernlegen.

Han ventar no på prøveresultat frå eleven ved Tranevågen, som har vore i kontakt med ein smitta. Ein klasse ved ungdomsskulen er sett i karantene, då to av elevane frå klassen må testast.

– Viss desse testane kjem attende utan smitte, kan klassen gå ut av karantene. Fram til det er dei i karantene, uavhengig av at skulen stenger fredag. Det er skilnad på karantene og stengt skule, understrekar Eikås.

Med ungane plassert heime vert også dette meir eit foreldreansvar. Barn som er for unge til å passa seg sjølv i heimen skaper utfordringar for kommunen.

### Imponert

– Me jobbar med ordningar som skal sikra at tilsette med samfunnskritiske jobbar kan koma seg på arbeid. Håpet er at familie eller naboar kan gjera ein dugnad, men det er ikkje alle som sjølv kan skaffa slike ordningar for barnepass, seier ordførar Tom Georg Indrevik.

Han kan ikkje skryta nok av dei kommunetilsette sin innsats i denne situasjonen. Det gjeld på alle område, men særleg innanfor helse- og omsorgstenesta.

– Dei gjer ein utruleg innsats og det er betryggande å ha dei på jobb. Alle frå kommuneoverlegen og smittevernlegen til dei som gjer jobben på legevakt og sjukeheimar. Folk jobbar doble vakter og gjer langt meir enn me kan forventa av dei, seier Indrevik.

Jens Eikås seier at dei per no har greit med medisinsk utstyr knytt til korona-utbrotet.

– Me kunne tenkt oss å ha meir av heildekkjande masker og visir, og prøver å få inn fleire av desse, seier han.

Også smittevernlegen rosar innsatsen dei tilsette legg ned i korona-bekjempinga.

*Beredskapssjef June* JohannesenJune seier at dei tenkjer «worst case scenario».

– Det gjeld å vera i forkant, og tenkja på det neste steget me må ta, seier ho.

KARSTEIN SÆVERÅS
karstein.severas@vestnytt.no

# Den kommunale kriseleiinga (KKL)

- KKL var utvida med nøkkelpersonar som kommuneoverlege, smittevernlege, IKT og kommunikasjon.

- Godt samarbeid i KKL. Folk tok ansvar.

- Tidleg anskaffing av smittevernustyr
  Aldri mangel på utstyr i løpet av pandemien. Jetpak Norge var sikker leverandør.




- Smittevernplan m/ pandemidel vart vedteken av kommunestyret 20. februar 2020.

- Informasjon
  - Dagleg oppdatering av smittesituasjonen (internt og eksternt)
  - Godt samarbeid med media

# Struktur/organisering

- KKL 28. februar 2020: Diverse tiltak vert sett i verk.

- Mange einingar/avdelingar stilte opp på kort varsel i og utanfor ordinær arbeidstid.

- Politiske vedtak om smitteverntiltak på kort varsel.

- Godt samarbeid mellom politikk og administrasjon.

- Samarbeid med Bergen kommune
  - Koronasenger
  - Koronahotell
  - Hjelp til testing (ved stengt hall)





ØYGARDEN


Korona i Vestland
Over 80 nye tillfelle denne veka
4 innlagde på sjukehus
3 døde denne veka
NRK 1
NRK Nyheter

# Samarbeid med næringslivet

- Fleire Teamsmøte for å drøfta utfordringar med smitteverntiltak
- Eigne møte med handel, servering, treningssenter, bygg/anlegg……
- Haldningskampanje
  *Takk for at du handlar/trenar/byggjer i Øygarden!*
- Utplassering av bosspann for munnbind på kjøpesentera







DRØY IKKJE,
GARDER DEG
MOT SMITTEN
COVID-19
Ag
ID:
C
T
S

# Folk tok ansvar

- Utvikla og produserte visir og munnbind
- Innbyggjarane følgde smitteverntiltaka













NRK TV
Dei gjer ein utmerkt jobb for innbyggarane
og dei som oppheld seg i Bergen.
NRK Nyheter
04:23
-09:36
19:49

# Vaksinasjon

- Sotra Arena (hovudvaksinasjonslokale)
  - God kapasitet
  - Gode parkeringsforhold
  - Gode tilbakemeldingar frå publikum

- Helseboka (brukt i samband med vaksinasjon) og Remin (smittesporingsverktøy) fungerte godt.

- Pensjonistar og andre stilte opp og tok vakter

- Samarbeid med fleire apotek om vaksinasjon








# Samarbeid med regionale og sentrale styresmakter

- Samordning av regionale tiltak
- Faste møte med Statsforvaltaren
- Eigne møte og tett samarbeid mellom kommuneoverlegane
- Samarbeidet med Helsedirektoratet og FHI fungerte godt, mellom anna beredskapstelefonen.



*Beredskapssjef hjå Statsforvaltaren Haavard Stensvand*

# Øygarden fekk det første påviste omikrontilfellet……….



# Utfordringar

- Tilgang på utstyr
- Resurskrevjande med regional samordning
- Stadige endringar/justeringar i smitteverntiltaka
  - påbod, forbod og tilrådingar
- Periodevis krevjande for smittesporingsteamet
- Informasjon
  - tidspunkt for pressekonferansar og informasjon til kommunane i forkant
- Språk
  - Det tok nesten to år før Helsedirektoratet publiserte smitteverntiltaka på både nynorsk og bokmål. Konsekvensen var mykje ekstraarbeid for 80 nynorskkommunar……….

## Kva må vi ta med oss

- Raskt
- Tydeleg
- Saman

ØY
GARD
EN


Legg di hand i mi hand:
Så er vi sterke saman,
Så er vi svake saman,
Så er vi saman.
Håp - er å høre musikken fra fremtiden.
Tro - er å danse til den i dag.
En dråpe sann vennlighet, er mer verd enn et helt hav av vitenskap.
"Det er umulig" sa Tvilen.
"Det er farlig" sa Frykten.
"Det er unødvendig" sa Fornuften.
"Gjør det likevel!" hvisket Hjertet.
Motet roper ikke alltid høyt. Noen ganger er motet den lille stemmen på slutten av dagen, som sier: "Jeg prøver igjen i morgen."
Du er modigere enn du vet, sterkere enn du tror og klokere enn du forstår.